

## Styremøte SFSG 7.8.22 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Fossen, Anne Inger Moen, Egil Ove Helleland og Solgun Haugen

Styremøte kl 20.30 – 23.00

### **Sak 30/22. Høyring dyrevelferdsmelding.**

Styret diskuterte høyring til dyrevelferdsmelding som er ute på høyring i organisasjonen. Det er kome innspel frå tre lokallag innan høyringsfristen. Styret gjekk gjennom innkomne innspel.

Styret sender fylgjande innspel til høyringa;

#### Bondeøkonomi og velferd

- Styret i SFSG støttar det som står i høyringsutkastet under tiltak.

#### Velferd på beite

- Lamma må vera store nok ved beiteslepp til at dei klara seg på beite. Altso at alle dyr som vert sleppt på beite er beitedugande dyr.
- Det bør vera meir/ekstra oppfølging av besetningar med unormalt høge tap i forhold til resten av besetningane i beitelaget/området. Då får ein sett på dette med beitedugande dyr, parasittbehandling og drifta generelt. Mattilsynet bør fylgja opp besetningar med høge tapstal, heilt frå lamminga og framover.
- Ein kan ikkje krevja at alle dyr skal vera elektronisk overvaka. Det må vera eit mål å få så god økonomi i beitelaga at ein kan ha tilsett gjetar.
- Det bør vera krav om medlemskap i Sauekontrollen og beitelag.

#### Bygg og arealkrav:

- Det må vera ulike arealkrav, utifrå størrelsen på dyra og rase. Store/tunge dyr må ha større plass enn mindre dyr, til dømes slik arealkrava er i Sveits.
- Krav til lammegjøyme må vera ei anbefaling og ikkje forskriftsfesta.
- Dyrevelferdsprogrammet – tilsyn i fjøsen for å sjå at dyrevelferden er i orden. Ikkje for strenge krav i utgangspunktet.

#### Dyreeigar sine haldningar og kunnskap

- Dyrevelferdsprogram for sau må vera for alle og ikkje berre for dei med over 30 vinterfôra sauer. Alle dyr har lik verdi. Dyrevelferdsprogram må gjelda frå dyr nr 1. Velferden for dyra må vere den same om ein har eit eller 30 dyr. Det er dyrevelferd det er snakk om her.
- Bør vera kompetansekrav på ny brukarar som aldri har drive med dyr/sau tidlegare (eigentleg for alle som vil skaffe seg dyr).
- I staden for å gå på alle, bør fokus vera på dei som har for dårleg produksjon og/eller ikkje har hatt besøk av veterinær.
- Dyrlegane lagar seg arbeidsoppgåver som tek av inntekta til gardbrukaren.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 991 051 694

# Sogn og Fjordane Sau og Geit



## Sak 31/22. Høyring soneforskrift CWD.

Styret diskuterte utkast høyring soneforskrift CWD.

Styret konkluderte med at ein ikkje sender uttale på denne høyringa.

Det er so små endringa at ein ser ikkje grunn til å senda uttale.

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342  
E-post: [ragnhild.saele@eninvest.net](mailto:ragnhild.saele@eninvest.net)

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 991 051 694